

Saksprotokoll i fellesnemnda - 19.12.2018

Aud Karin Oen (SV) sette fram slikt forslag:

«Endring:

Stryk «og Vestland fylkeskommune» i punkt 4.»

Røysting

Tilsettingsutvalet si innstilling med Oen sitt endringsforslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Hogne Haktorson vert tilsett i stillinga som kontrollsjef i Vestland fylkeskommune.
2. Kontrollsjefen får ansvar for det praktiske arbeidet i samband med etablering av sekretariat for kontrollutval for Vestland fylkeskommune. I dette ligg også hovedansvar for å bistå kontrollutvala i arbeidet med konkurranseutsetting av revisjonstenestene for Vestland fylkeskommune.
3. Kontrollsjefen får tilsettingsmynde for tilsetting av medarbeidarar i sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune.
4. Fellesnemnda delegerer fullmakt til eit utval beståande av dei to kontrollutvalsleiarane og dei to nestleiarane til å gjera avtale om lønsvilkår og andre vilkår. Overgangen til ny stilling skjer etter avtale med kontrollutvala i Hordaland og Sogn og Fjordane. Utvalet vert leia av kontrollutvalsleiar i Hordaland.